



«På et tidspunkt må vitenskapen bare gå videre, selv om Frp ikke gjør det»

MARIE SIMONSEN OM FRPS KLIMAPOLITIKK, DAGBLADET 7. MARS

Utan maktgnål?



8. MARS

Vigdis Jordal

8 mars – Den internasjonale kvinne-dagen – kampen for likskap, inkludering og maktfordeling. Har feiringa av dagen gått ut på dato? Kva med å flytta fokus frå makt til kraft – og la dagen heite Villkvinne-dagen?

Den uforutsigbare frie villkvinna viser at sanselig innsikt og krafta i seg sjølv er nok til å overvinna fordommar – og bidra på eigne premisser. Det er derfor framleis gode grunnar til å markera dagen.

Teoretisk sett har vi kome langt i Noreg. I praksis er det eit stort gap.

Kanskje fordommar om kven som kan utøva makt, er ein årsak til at kvinner er underrepresentert i styrer.

«Herrekoden» er tatt i bruk i forsøket på å bli sett og høyr. Vi brukar dei same kulturelle kodane som menn har etablert. Etter år med stripete dressar og drakter vil kvinner finna sin eigen veg – den kvinnelege. La oss rett og slett ta med urkvinna på jobb – og bruka heile spekteret av fargenyansar.

Kvinner med makt er ikkje særleg ulike frå menn med makt. Makt gjer noko med oss. Derfor er det ingen garanti for balansen å få med fleire kvinner i styre og stell.

Det å bruka makt til å få viljen sin igjennom kan leie til eventyrstien – men også til trollet i djupe avgrunnen.

Kva med å flytta fokus frå makta til kraft? Det handlar fyrst om deg sjølv, ditt indre plan, verken meir eller mindre. Sørg for å vera «tilstades» i egne opplevingar, bli kjent med deg sjølv, reflekter. Tør å vera tydeleg – med ekta begeistring.

Påklistra godt humør, på ei ytre maska, for å leva opp til verdiane på arbeidsplassen, skapar ubalanse og er avslørande i lengda. Mange tar for mykje omsyn til kva dei trur andre forventar og korleis dei trur andre vil at dei presenterer det dei har på hjarta. Vi blir styrt av det ytre som jobb beskrivelse, normer og reglar, utan å begrunna det i eksistensen. Det er lett å lukka for indre stemningar og bli distraheret vekk frå møtet med oss sjølve. Om det passar med intuisjonen. Om det passar med hjertebanken.

Vi speglar oss i møterommet og elles i verda. Vi blir meir og meir like og gir kvarandre strukturerte og politisk korrekte tilbakemeldingar. Dessverre ofte utan anerkjennelse for den herlege, glade, engasjerte og

kreative personen du er!

Når du forstår deg sjølv og er ærleg med dine reaksjonar, er det lettare å vera «tilstades» for andre. Fri-dom til å leva ut den du er, trur eg er ein svært viktig verdi for positivt påfyll og vekst – både på jobb og privat. Ein filosofi med personleg innsikt og bruk av eigen kraft kan bidra til godt klima med skapande handlingar. La oss dyrka at vi er ulike og dela raust av essensen i livet. Bruk kreftene på å sansa og opple-va!

Hulda Garborg skreiv i Verdens Gang i 1898: «Men samfunnets plikt og mål er blitt å bortsivilisere det ville vår, ofte tynnsleten, gravlagt under eit tjukt lag av tam sivilisasjon. Derfor må ho kallast på. Sansane til villkvinna er skarpare, ho ser klarare og føler djupare.

Ho er både pusekatt og ulvekvinn – alt vi treng for å leva, og for å gje slepp på forventningar og gamle sjølvpålagde grenser.

Ho er både pusekatt og ulvekvinn – alt vi treng for å leva, og for å gje slepp på forventningar og gamle sjølvpålagde grenser.

Den uforutsigbare Villkvinna viser at krafta i seg sjølv er nok – utan å gå med uniformert drakt, høge hælar, imponera med power point-presentasjonar – eller utrygge korte skjørt – eller dress. Villkvinna bidreg på eigne premisser. Utan maktgnål. Utan gnål om kvotering. Utan gnål om likestilling. Slik menn alltid har gjort. Slik vil livet i manesjen, om du er midt i, eller på utsida av sagflisa. Sjølv med begge kjønn på rollelista.

Slik kan Villkvinne-dagen markera – frå makt til kraft – løfta blikket og bruka den indre krafta – også til å bidra i eit større globalt perspektiv ved å hjelpe fattige kvinner til å skapa sin eigen leveveg. Gjennom det hjelper vi også barna som er framtida i verda.

Vigdis Jordal, medarrangør av Villkvinne-dagen 8. mars
vigdis@hjerterebank.com

Skriv, damer!



8. MARS

Astrid Sverresdatter Dypvik

I dag er det ingen mannsnamn blant innsendarane til debattsida. Og det er slett ikkje tilfeldig. Det er tvert om nøye planlagt.

Det er truleg fleire som har lagt merke til at det er menn som dominerer debattsidene i Klassekampen. For mange har det blitt særleg tydeleg etter at vi byrja trykka bilete av innleggsforfattarane. Etter at eg byrja i Klassekampen har eg i alle fall fått fleire kritiske kommentarar på at det jammen er mange bartebilete på debattsidene våre.

Dette er eit spørsmål om representasjon; kvinner er grovt underrepresenterte på desse sidene i høve til kor mange kvinnelege lesarar vi har. Det er grunn til å tru at vi går glipp av viktige diskusjonar og interessante perspektiv når så få

«Debattsidene i alle aviser er dominerte av menn»

kvinner deltek i debattane.

Mannsdominansen er ikkje spesiell for Klassekampen. Debattsidene i alle aviser er dominerte av menn. Samfunnet elles også, for så vidt. Men, Klassekampen er ein feministisk avis, og eg er sikker på at vi er den avisa som har flest lesarar som kallar seg sjølv feministar. Dermed burde vi ha fått inn langt fleire debattinnlegg frå kvinner.

Eg vil bruka denne 8. mars-dagen til å etterlysa kvinner, damer og jenter. Det er berre ein måte å gjera debattsidene mindre mannsdominerte på, og det er faktisk gjennom at de kastar dykk over tastaturet og sender inn bidrag.

PS: til alle mennene og gutane som er ivrige og sender inn innlegg, fortsett med det. Det er plass til dykk og!

Astrid Sverresdatter Dypvik, fungerande kronikk- og debattredaktør i Klassekampen

astrid.dypvik@klassekampen.no

Verdt å forsvare



VOLDTEKT

Kirsti Bergstø

En voldtektsbølge ryster landet. Fremskrittspartiet prøver å vinne gjennom med løsnings som mer politi i gatene og opplæring om likestilling blant innvandrermenn. Sosialistisk Ungdom (SU) har lenge tatt til orde for at jenter må bli tatt på alvor idet voldtekt anmeldes, uavhengig av hvem overgriperen er og hvor overgrepene skjer. Norske menn må heller ikke fratras ansvaret for seksualisert vold, og statistisk sett er det langt farligere for kvinner å oppholde seg i privathjem enn i det offentlige rom. Derfor må også debatten og tiltakene mot seksualisert vold favne om mer enn opplyste gater, politi i gatene og gratis taxi for kvinner.

Et av tiltakene SU ønsker er feministisk sjølvforsvar i skolen. Seksuell trakassering er et problem de fleste jenter får erfaring med i løpet av sitt liv. Uønsket oppmerksomhet rundt kjønn, kropp eller seksualitet er først og fremst et jenteproblem. Muligens er det også derfor det ikke blir tatt på alvor. Idet gutter klarer på jenter i skolen blir det ikke behandlet som trakassering, tvert i mot bortforklares guttenes handlinger med pubertet og forsøk på flørtning. Gjennom slike tilbakemeldinger lærer gutter at de faktisk kan ta seg til rette over jenters kropp, mens jenter lærer at deres reaksjoner på trakasseringen er feil. Det ubehagelige blir ikke tatt på alvor. Med andre ord blir det vanskelig for jenter å stole på egne reaksjoner.

Overalt lærer gutter at jenter er

tilgjengelige. Kvinner som objekt er til for å nyttes, kvinnekroppen kan kjøpes gjennom porno og prostitusjon. Det er få steder gutter i dag lærer det motsatte. Og det er få som forteller jenter at det er deres egne grenser, lyster og ønsker som skal være avgjørende for deres valg og handlinger, og ikke ideer om hva de tror blir forventet av dem.

Jenter lærer nemlig tidlig hva som forventes. De beste formidlerne av forventningene er såkalte jentebilder. Gjennom slike blader formidles oppskriften på hvordan du skal gi sexpartneren din en helt spesiell opplevelse, før det i det hele tatt stilles spørsmål ved hva jenta selv liker. Magasinene forteller at alt jenter er verdt er oppmerksomheten de klarer å tilegne seg av det motsatte kjønn, og at de må være tilgjengelige for å klare å opprettholde den.

Slik skal de ikke være. Jenter skal ikke læres opp til at deres egne ønsker skal komme i andre rekke og at deres egne reaksjoner ikke skal tas hensyn til uten at det gir konsekvenser. Heller ikke skal gutter lære at kvinnekroppen skal være tilgjengelig for menn og at jenters grenser er til for å viskes ut. Det er nødvendig å etablere et alternativt syn i unge menneskers hverdag. Et syn som ikke sier at jenter mener ja når de sier nei. En formidling av at egen kropp og grenser faktisk er verdt å forsvare.

Gjennom feministisk sjølvforsvarskurs lærer jenter å sette egne grenser og bli trygge på grensene. Det å oppdage at du har styrke og kraft samtidig som du får lov til å diskutere hva du har lyst til og ikke lyst til, gir selvtillit til faktisk å ta makt over egen kropp og hverdag.

Samtidig som jenter blir trygge på egne grenser må gutter diskutere hva som faktisk er seksuell trakassering og at det er viktig å respektere jenter når de sier ifra. Gjennom manglende tilbakemelding lærer gutter at jenters grenser ikke er noe man skal ta på alvor. Slik bidrar seksuell trakassering til opprettholdelse av skeive maktforhold mellom gutter og jenter.

Det er naivt å tro at maktforholdene mellom kjønn bare forsvinner med tiden. Vi kan ikke bare rope etter gatelykter og mer politi. Vi må utfordre de maktstrukturene som gjør jenter til objekt uten makt over egen kropp og faktisk angriper årsaken til problemet. Maktforholdene må bekjempes aktivt, blant annet ved å ta seksuell trakassering på alvor og gi jenter opplæring i at de kan forsvare seg sjøl og at de er verdt å forsvare. SU vil at jenter skal lære å ta makt over egen kropp og hverdag. Så viktig er det at det bør inn på skolens timeplan.

Kirsti Bergstø, leder i Sosialistisk Ungdom
kirsti@su.no

«Vi kan ikke bare rope etter gatelykter og mer politi»